



MØTEPROTOKOLL

Kontrollutvalet

Dato: 14.5.13 **Kl.:** 10.00 – 11.40 **Stad:** Kommunestyresalen, Bømlo rådhus
Saknr.: 17/13 – 23/13

MØTELEIAR

Sonja Hellen Sele (H)

DESSE MØTTE

Sonja Hellen Sele (H)
Terje Olav Nesse (V)
John-Kåre Torkelsen (Krf)
Mariann Risøy Barane (Ap)
Vidar Onarheim (H)

FORFALL

Georg Lønning (H) hadde forfall til møtet. Vidar Onarheim (H) møtte i staden.
Svanhild Vespestad (Ap) hadde forfall til møtet. Mariann Risøy Barane (Ap) møtte i staden.

DESSUTAN MØTTE

Ordfører Odd Harald Hovland var med i sak 21 /13 og 22/13.
Rådmann Sverre Olav Svarstad var med i sak 21/13 og 22/13.
Økonomisjef Jarle Nakken var med i sak 21/13 og 22/13.
Else Holst Larsen v/ Deloitte AS var med i heile møtet.
Hordaland fylkeskommune, Sekretariat for kontrollutvalet v/ Elin Molven.

Sakliste:

Saknr.	Sak
17/13	Godkjenning av innkalling og sakliste
18/13	Godkjenning av protokoll frå møte 23.4.13
19/13	Orientering
20/13	Meldingar
21/13	Årsrekneskap og årsmelding 2012 for Bømlo Kulturhus KF – Uttale frå kontrollutvalet
22/13	Årsrekneskap og årsmelding 2012 for Bømlo kommune – Uttale frå kontrollutvalet
23/13	Gjennomgang av møteprotokollar
	Eventuelt

17/13 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

HANDSAMING I MØTET

Det framkom ingen redaksjonelle merknader til innkalling og sakliste.

VEDTAK

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjend.

18/13 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE

HANDSAMING I MØTET

Det framkom ikkje merknader til protokoll frå møte 23.4.13.

VEDTAK

Protokollen frå møte 23.4.13 vart samrøystes godkjend.

19/13 ORIENTERINGSSAKER

Nr.	Orientering frå:	Orientering angående:
1	Sekretariatet	Status iPad bruk.
2	Sekretariatet	Vidare opplæring av kontrollutvalet.
3	Deloitte AS	Forvaltningsrevisjon av Barne og familietenesta i Bømlo kommune – Løypemelding.
	Eventuelt	

FORSLAG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

HANDSAMING I MØTET:

Nr.	Orientering frå:	Orientering angående:
1	Sekretariatet	Status iPad bruk. <ul style="list-style-type: none">• iPad kurs i neste kontrollutvalgsmøte (to av dei faste medlemmene hadde forfall til dette møtet).
2	Sekretariatet	Vidare opplæring av kontrollutvalet. <ul style="list-style-type: none">• Aktuelle kurstema:<ul style="list-style-type: none">○ Repetisjon frå tidlegare kurs for kontrollutvala.○ Kombinasjon med gruppearbeid og forelesing, med størst vekt på gruppearbeid.○ Bestilling av forvaltningsrevisjon.○ Ulike saker meldt inn frå innbyggjarane.○ Læra av andre kommunars feil.
3	Deloitte AS	Forvaltningsrevisjon av Barne og familietenesta i Bømlo kommune – Løypemelding. <ul style="list-style-type: none">• Silje Sivertsen v/ Deloitte AS var med under dette punktet, via høgtalar på mobil.<ul style="list-style-type: none">○ Forvaltningsrevisjonen går etter planen.○ Ikkje noko so langt i prosessen som tilseier at prosjektet bør spissast annleis enn det er pr. dags dato.

Vedtaket var samrøystes.

VEDTAK

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

20/13 MELDINGAR

Nr.	Melding frå:	Melding vedr.:
1	Kommunestyret	Planprogram psykisk helse og rus.
2	Utval for oppvekst, kultur og idrett	Saksprotokoll i Utval for oppvekst, kultur og idrett – 16.4.2013.
3	Utval for helse og omsorg	Saksprotokoll i Utval for helse og omsorg – 18.4.2013.
	Eventuelt	

FORSLAG TIL VEDTAK

Meldingane vert tekne til orientering.

HANDSAMING I MØTET

Nr.	Melding frå:	Melding vedr.:
1	Kommunestyret	Planprogram psykisk helse og rus. <ul style="list-style-type: none">• Kontrollutvalet ynskjer å framleis halda seg orientert i høve saka.

Vedtaket var samrøystes.

VEDTAK

Meldingane vert tekne til orientering.

21/13 ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING 2012 FOR BØMLO KULTURHUS KF – UTTALE FRÅ KONTROLLUTVALET

FORSLAG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet vedtar forslag til uttale om Bømlø kulturhus KF sin årsrekneskap for 2012

HANDSAMING I MØTET

Dagleg leiar for Bømlø kulturhus KF kulturhus KF, kunne ikkje stilla i møtet for å orientera om årsmelding og årsrekneskap 2012. Rådmann Sverre Olav Svarstad orienterte Kulturhuset og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Vedtaket var samrøystes.

VEDTAK

Kontrollutvalet vedtar forslag til uttale om Bømlø kulturhus KF sin årsrekneskap for 2012.

22/13 ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING FOR BØMLO KOMMUNE 2012 - UTTALE FRÅ KONTROLLUTVALET

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Kontrollutvalet ber rådmannen om å prioritere å sette fokus på forbetningsområda som kjem fram av revisjonsrapport nr. 12 frå Deloitte.
2. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Bømlø kommune sin årsrekneskap for 2012.

HANDSAMING I MØTET

Rådmann Sverre Olav Svarstad og Økonomisjef Jarle Nakken informerte om årsmelding og årsrekneskap 2012 for Bømlo kommune, og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Vedtaket var samrøystes.

VEDTAK

1. Kontrollutvalet ber rådmannen om å prioritere å sette fokus på forbetningsområda som kjem fram av revisjonsrapport nr. 12 frå Deloitte.
2. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Bømlo kommune sin årsrekneskap for 2012.

23/13 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR

FORSLAG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

HANDSAMING I MØTET

Vedtaket var samrøystes.

VEDTAK

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

EVENTUELT

Samhandlingsreformen:

Kontrollutvalet ynskjer å få ei orientering i første haustmøte i høve korleis samhandlingsreformen fungerer for Bømlo kommune. Tema dei spesielt ynskjer å få orientering om er Tall økonomi, avvik, praktisk risiko og konsekvensar, liggedøgn på sjukehus – korleis dette fungerer i høve kva kommunen må betala.

Sonja Hellen Sele
leiar

Elin Molven
sekretær